

Helge Sandøy

Romsdalsk

– eit produkt av kontaktar

Blandingsmål¹

Me romsdalingar har nok opplevd mang ein gong at dialekten vår ikkje utan vidare blir oppfatta som retteleg vestlandsk. Lettaste grunngevinga for det er å vise til at me har tjukk l, og det manglar Vestlandet frå og med Sunnmøre og sørover. Då Ivar Aasen – som den første med fagleg innsikt – laga ei dialektinndeling, rekna han romsdalsk som del av «Den nordenfjeldske Række» og meir presist som «Den ytre trondhjemske Forgrening».² Men dialektologane etter Aasen kom raskt til å rekne romsdalsk til vestlandsk, fordi dialekten har eit vestlandsk bøyingsystem, mens nordmørsk, trøndersk og austlandsk skil seg ut med andre grunnleggande fellesdrag. Derfor kan me enkelt seie at romsdalsken har ein vestlandsk grammatikk, men eit trøndersk-austlandsk lydverk. Når det gjeld andre språkdrag, ligg me òg i ei mellomsona i den store dialektinndelinga. For eksempel har me òg ein ordtone og ein setningsintonasjon som skil seg frå hine dialektane ved å vere ein mellomting.³

At dialekten er ein blandingsdialekt, er ikkje noko særst, for alle levande språk og dialektar forandrar seg gjennom historia, og dei fleste forandringane skjer i kontakt med omverda. Denne kontakten kan vere av mange slag. Det mest radikale er større *folkeflyttingar*, for då tek folket med

seg språket sitt, og når innflyttarane utgjer ein viss prosentdel av folket på den nye staden, får dei naturleg nok innvirkning på dialekten der når dei blir integrert. Forandringane kan gjelde både ord, namn og grammatikk, og dei kan skje på éin generasjon når tilflyttinga skjer raskt.

Nabokontakt utan folkeflytting, dvs. at ein har litt og jamn kontakt med folk i nabodistrikta, kan òg spreie språkdrag. Men desse endringane kan det ta fleire generasjonar å gjennomføre. For eksempel har forandringa *mannj* til *mann* spreidd seg gradvis nordover Vestlands-kysten og teke eit hundreår frå ho begynte i Ytre Sogn til me begynner å merke ho i romsdalske bygdemål. Den tredje forma for kontakt er den som er avgrensa til korte besøk den eine eller hin vegen. Slik *korttidskontakt* gjev oss normalt berre nye ord; det er sjeldan grammatikken i språket blir forandra av slikt. Ord vandrar friare enn grammatiske drag og treng ikkje så stor sosial kontaktflate før dei smittar over frå eitt språk til eit anna.

Korttidskontakten skal me vise nedafor der me ser på kontakt med utlandet, for me kom alt frå middelalderen under handelsdominans utafra. Dessutan reiste nordmenn ut for så å komme heimatt med nye erfaringar og nye ord. Men først skal me sjå på korleis sjølve grunndraga i romsdalsk er eit resultat av innlandsk migrasjon



Handkolorert postkort frå Bud, ca. 1910. Kjelde: Romsdalsmuseets fotoarkiv.

eller folkeflytting. Dette kan dialekten berre vitnemål om.

Innlandsk folkeflytting

Den grunnleggande utforminga av den norske dialektgeografien skjedde i seinmiddelalderen. Svartedauden og epidemiane etterpå førte til store samfunnsomleggingar i Norge, og dei gav vilkår for store språkendingar. Alle sottene frå 1349 og til kring 1500 førte til eit enormt folketap, kanskje av nærare to tredelar av folkemengda i Norge. I 1500 fanst det kanskje berre 1800 romsdalingar. Når heile familiar og grender strauk med, førte det til at gardar blei utan brukarar. Dermed blei det billig å kjøpe eller leige jord, og folk flytta dit det var lettare å drive. Derfor blei det fråflytting frå tungdrivne bruk i fjellbygdene og tilflytting i låglandet.

Dessutan opplevde kystbygdene ein fordel i at tørrfisk no var blitt ei svært viktig eksportvare frå Norge til kontinentet, og prisane var svært gode. Dermed blei det grunnlag for å livnære seg på berre fiske utan samtidig å drive jord. Kysten blei altså på 1400-talet til eit attraktivt område å slå seg ned i, og kystbygdene kunne bli så tiltrekjande at dei ikkje opplevde ei slik befolkningskrise som innlandsbygdene gjorde. Fiskevær fekk no både fast busetnad og større busetnad. I Romsdal dukkar Bud, Bjørnsund og Ona opp som folkerike fiskevær. Ytste delane av Romsdal opplevde berre ørliten folketalsnedgang i denne tida, om ein brukar eit skattemanntal frå 1520–21 som utgangspunkt for berekningane og jamfører dei med det ein kan slutte seg til som busetnad og folketal i tida før 1349.⁴ Epidemiane herja truleg likt



Gjennom historia har mange flytta frå innlandsbygdene til Romsdal. Her ser me teikninga «utovandring» av Adolph Tidemand, 1843. Kjelde: Nasjonalmuseet.

over heile landet, så tilflyttinga i same tida i ytre Romsdal kompenserte godt for den høge dødsraten som sottene var årsak til.

Me har ikkje nokon god direkte dokumentasjon på den store innalandske migrasjonen i denne tida, for samfunnet var mindre prega av dokument-skriving enn det er i vår tid. Det er mest folketalsberekningar og manntal som viser dei befolkningsmessige endringane. Dermed går det ikkje fram kvar folket kom frå. Men det er ikkje urimeleg å rekne med at flyttestraumen til Romsdalskysten i stor grad kom frå Gudbrandsdalen. Den gamle

ferdsleåra mellom aust og nordvest gjekk nettopp gjennom den dalen. I seinare hundreår òg har same fjellbygdene avgitt innbyggjarar til kystregionen. Men folk frå indre Nordmøre og Trøndelag kan sjølv sagt òg ha flytta til Romsdal.

Det er særdrag i dialekten som får oss til å dra slutningar om kvar flyttestraumen kom ifrå, for romsdalsken fekk den nye lyden kalla tjukk l (nedafor skriven L) og andre tilhøyrande tjukke lydar. Kan hende skjedde det så seint som på 1500-talet. Romsdal ligg nemleg i periferien av eit sentralskandinavisk (eller svensk-norsk) tjukk-l-

område, og det kan tyde på at me var av dei siste som fekk denne lyden. Dessutan har me tjukk l berre der det var ein l i ordet frå før av, som i *ein kaLv*. I det sentrale området – der austlandsk og trøndersk høyrer med saman med nokre svenske dialektar – fekk dialektten tjukk l òg i ord som inneheldt *rð* i gammalnorsk, f.eks. i ord som *borð*, som då fekk uttalen *boL*. Det har romsdalsken unngått pga. at *rð* var allereie blitt forenkla til berre *r* – slik han var sjenerelt i vestnorsk – då den tjukke l-en spreidde seg hit. Dermed var det nok først innpå 1500-talet at den nye tjukke l-en overtok i romsdalsk.⁵

Romsdalsken har òg fått ei vokalutvikling som er felles med området nord for Romsdal, ikkje med dialektane sør for Romsdal. Det siste kan illustrerast med at me seier både *fesk* og *veke* med *e*, mens ein lenger sørover på Vestlandet seier første ordet med *i* og det andre med *e*. Utviklinga av den gammalnorske korte vokalen (i eksempla: *i*) i vestlandsk gav forandring til *e* berre i ord der han er forlenget (som i *veke*), men ikkje der han er halden kort (som i *fisk*). I romsdalsk og dialektane nordover blir *i*-en til *e* i begge typane ord, men med den avgrensinga at *i*-en ikkje blei endra framom palatale konsonantar (dvs. konsonantar med *j*-klang i seg, f.eks. *nnj* i å *finnje* 'å finne').

Sjølve grammatikken i språket vårt er vestlandsk. Det ser me av at me har berre éin type endingar der austlandsk og trøndersk har to (og tre). Me har endinga *-e* i infinitivar (som å *bær-e* & å *kast-e* & *tenkj-e*), i svake hokjønnsord eintal (*ei vek-e* & *ei skut-e* & *ei kjerkj-e*), mens nordmøringane har ulike endingar i dei tilsvarande bøyingsformene,

som i å *bærr-a* mot å *kast-* mot å *tenkj-e*, og så *ei vekk-a* mot *ei skut-* mot *ei kjerkj-e*. (Det gudbrandsdalske systemet liknar det nordmørske.) Slike bøyingar gjer at romsdalsk har ein grammatikk som er ein del enklare. Det enklare systemet gjeld for kysten frå og med romsdalsk i nord til og med austegdemålet i sør og dessutan i nordnorsk.

Opphavet vårt er altså i vestlandsk, men seinmiddelalderen gav oss nokre lydfinessar frå aust. Den innlandske migrasjonen etter svartedauden kan gje forklaringa på blandingsstatusen som romsdalsken har.

Eit lite språkleg eksperiment kom då ein del gudbrandsdalingar, særleg frå Lesja, kom flyttande ned i Eikesdalen under våre kring 1800. Dei kjøpte gardar, gifta seg til gardar eller tok tjeneste, slik at folketalet i romsdalsbygda auka raskt – frå 60–70 i 1800 til 242 i 1865.⁶ Denne folketilflyttinga gav dialekten eit visst gudbrandsdalsk preg, for ein del infinitivar fekk endinga *-a*, slik som å *søva* og å *vara*. Men det var likevel ikkje den gudbrandsdalske grammatikken som kom inn, for der er fordelinga av endingane *-e* og *-a* avhengig av lengda på stavinga framom, og då skulle òg 'å spele' heite å *spela*, og ein skulle ha venta tilsvarande system i hokjønnsord, f.eks. eit skilje mellom *ei vis-e* og f.eks. *ei vek-u*. Slik er det ikkje, for berre 23 tilfeldige enkeltverb har fått med seg denne *a*-en. Altså gjeld dette enkeltord, ikkje grammatikken eller systematikken.⁷ Som språkleg eksperiment likna denne tilflyttinga på den me ser for oss skjedde i seinmiddelalderen: tydeleg påvirkning, men ikkje omleggingar i grammatikken.


Torodd Kinn har utarbeidd ei klyngeanalyse av fornamna folk hadde i 1801 i heile landet med grunnlag i første fullstendige folketeljinga i Norge. Ut frå resultatata kan han dele inn landet i regionar og underområde etter fellesskap i namnemønsteret.⁸ Slik får han fram geografiske mønster for slektskap i namnetradisjonane, og det gjev eit interessant resultat, jf. figuren.

Kinn omtalar region 8 som «litt kunstig» fordi han ligg både i Trøndelag, på Vestlandet og på Austlandet, men han peikar på at det er ferdsleveggar over fjella mellom delområda, som noko av ei forklaring.¹⁰ Og her ligg altså Romsdal (og søre Nordmøre) som 8a. Nærast Romsdal ligg Sør-Trøndelag med resten av Nordmøre (8b) og så Gudbrandsdalen (8c). Me kan i denne samanhengen ikkje unngå å peike på at dette nettopp kan vere eit historisk og språkkulturelt resultat av den same nemnte folkeflyttinga til Romsdal som skjedde etter svartedauden så tidleg som på 1400- og 1500-talet. Dette språkkulturelle mønsteret i namnebruken går godt saman med det lydlege preget som romsdalsdialekten fekk frå same området.

Kontakt med utlandet

Historisk

Etter høgmiddelalderen var jamnaste kontaktane våre med utlandet knytt til handel. Første utlendingane som dominerte norsk handel, var nordtyskarane, dei me kallar hanseatane, som fekk formelt fotfeste i byane Oslo, Tønsberg og Bergen så tidleg som på 1200-talet. Formaliteten gjekk på at dei



Figur som viser namneregionar i Sør-Norge.⁹

fekk avtale med kongen om å kunne opprette såkalla kontor der, dvs. avdelingar under dei sentrale handelsforbunda i dei nordtyske byane. Desse avtalane var eit storpolitisk tema, for kongen prøvde både å balansere interessene frå fleire land og å beskytte dei norske handelsmennene. Interessekonfliktane var så store at hansaen blanda seg av og til inn i krigar for å kunne presse fram betre vilkår for seg i avtalane.

Dei nordtyske handelsforbunda utvida det europeiske markedet for tørka fisk frå Norge. I katolsk tid var fisk ei etterspurt vare pga. forskriftene om å faste. Tørrfisk var ei god handelsvare, for han kunne oppbevarast lenge utan å rotne. Då denne fiskeeksporten tok seg kraftig opp, skapte han godt livsgrunn-

lag langs kysten vår. På sitt beste tidleg på 1500-talet var fisken betalt seks gonger betre enn tilsvarende mengd korn med same næringsinnhald. Aldri har det vore gunstigare å selje fisk. Kring 1600 gjekk det nedover, for då hadde prisforholdet forandra seg mykje: Då betalte ein det dobbelte i fisk når ein kjøpte korn samanlikna med 1530.¹¹

Næraste hansabyen for oss var Bergen, som var nördste staden hanseatane hadde rett til å drive handel i Europa. Tyskarane hadde forbod mot å sigle nordom Bergen, og det forbodet blei teke opp att i 1294, 1306 og 1348.¹² Reglane blei stort sett etterlevd sjølv om tyskarane var misfornøgde med det. Denne avgrensinga hanseatane hadde i avtalane sine, gjorde at kysten nordom Bergen var open for andre, og særleg nederlandske, engelske og skotske båtar kom då for å handle med nordmennene. Det behovet fekk hollendarane særleg utover 1400-talet pga. at dei blei utestengt frå Østersjøen der dei før farta for å kjøpe tømmer. Etter 1443 skaut handelen fart då Kristoffer av Bayern gav hollendarane løyve til å handle på Norge.

Otto R. Grüner har studert grundig omfanget av handelen og båttrafikken på Romsdal på 1600-talet, og den er først og fremst dominert av hollendarane. Grüner meiner dei utgjorde to tredelar av båtanløpa i Romsdal, og dei har tre firedelar av handelsomfanget, for dei hadde større skip. Resten er likt fordelt mellom engelskmenn og skottar.¹³ Dette mønsteret gjaldt til midt på 1620-talet, seinare blei styrkeforholdet noko jamnare. Det kunne vere tale om 50–60 båtanløp i alt kvart år i Romsdal.

Nederlendingane, som me her kjem mest til å kalle hollendarane, handla først og fremst med tømmer; det pregar den såkalla hollendartida. I tida 1550–1750 var hollendarane sterke politisk og blei ein leiande fiske- og sjøfartsnasjon på alle hav, og det fekk mange nordmenn til å reise til Nederland (då: Holland) for å hyre seg som sjømenn. (Etter 1750 tok engelskmennene over hegemoniet på hava og i internasjonale handel.)

Tømmeret trong hollendarane til å byggje dike og lage underlag for husa i det våte terrenget. Derfor står Amsterdam på norske tømmerstokkar, er det sagt. I tillegg trong dei trevyrke til tynneproduksjonen. Først selte nordmenn tømmeret ubearbeidd. Bøndene hogg tømmeret og førte det fram til utskipingshamner, som kunne vere rolege vikar. Men på 1500-talet kom oppgangssaga (vassaga) og forandra produksjonen.

Oppgangssaga blei oppfunnen i Sverige i 1460-åra, og ho kom i bruk i Norge utover 1500-talet. Herredagen (riksmøtet) i 1533 i Bud hadde nettopp spørsmålet om oppgangssaga og den nye næringa på saklista si. For å hjelpe fram sagbruket blei det etter kvart sett forbod mot å føre ut rundtømmer. Dermed kunne det vekse fram ei stor mengd sagbruk ved dei mange bekkefara, der bøndene skar bord til hollendarane.

Romsdal

Frå tida før 1600 er det sjenerelt lite av kjeldemateriale om lokale forhold. Derfor er det tilfeldig kva me veit sikkert. Men den større samfunnsbetydninga som handelen med tyske og holland-




Modell på Romsdalsmuseet av Haukabøsa frå 1790-åra laga av Magnus Schevik. Foto: Romsdalsmuseets fotoarkiv.

ske hadde, kan me f.eks. sjå i brevkifta som foregjeikk i samband med herredagen i 1533, og konflikten med tyskarane var tydelegvis ei sentral politisk sak i samtida. Erkebiskop Olav Engelbrektsson – som fungerte som leiar for herredagen – skreiv f.eks. i møteinnkallinga si frå 11. juni same året:

Me får no i desse dagane opplyst ... at kjøpmenn meiner me skal vere skuldige i at tyskarar og hollendarar var her i fjor osv. Då gav me kjærleg til kjenne den meininga vår at eit skip frå Hamburg og eit frå Bremen [kom til] Helgeland, og to småe hollandske skip [var] her i Trondheim. Fordi det på den tida var fiendtlege handlingar, såg me gjennom fingrane med at dei selte og kjøpte på eigen risiko utan løyve og utan nokor trygging frå oss på nokon måte. Me har ikkje vore årsak til

at nokon skulle ha komme hit igjen denne sommaren før enn no. Hit kom ein boier frå Horn ved Amsterdam, og då ville me ikkje gjere noko for at dei skulle kjøpe eller handle noko, før me hadde rådspurt oss med vennar om kva me skulle gjere i dette spørsmålet. Åtte dagar deretter gav me dei lov til å selje varen sine for ærlege pengar til borgarar i Trondheim og ingen andre. Viss me ikkje hadde styrt og passa på dette, hadde allmugen som bur i Nils Lykkes len ved sjøkanten [dvs. Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre] ført fisken sin til dei, og gjelda deira på Bryggen hadde dermed ikkje blitt betalt. På grunn av den fordel som me kan ha av dei, ser me gjerne at dei er her, og det skal nok lasten i skipet, som no er på veg til Bergen, vise tydeleg.¹⁴

Me ser her at Olav Engelbrektsson driv ein vanskeleg politisk balanse-



Boier. Hollandsk skipstype frå 1600- og 1700-talet.
Kjelde: Norsk historisk leksikon.

gang. I svarbrevet sitt seier lagmann Jon i Tønsberg, som ikkje kan komme til møtet: «Lybekkarane ligg enno her for døra og røvar og stel frå hollendarar, bønder og kjøpstadmenn, slik at me har ganske lite fred».¹⁵ Dette var eit vedvarande konfliktstoff den tida.

Første kontakten mellom Romsdal og hollendarane finn me direkte vitnemål om frå 1536. Då fortel den kjente Kristoffer Rustung at han oppsøkte ein nederlandsk båt som låg i hamn i Bud. Kristoffer var i tenest hos Olav Engelbrektsson, og det ser ut til at han hadde ei fiske- eller handelsbu i Bud (mest sannsynleg i Vika).¹⁶ Kristoffer fortel at han om bord på båten hadde fått nyttige opplysningar om situasjonen i Europa som hadde taktisk betydning i den kampen erkebispem førte om makta og om kyrkja i Norge:

*Kjære herr Eske. ... Du kan få vite at då eg kom til Bud, låg det ein boier der som var nyleg kommen frå Holland. Dei nyheitene blir sagt for visst at den keisarlege majesteteten har samla ein mektig hær av krigsfolk i Braband, Zeeland og Holland.*¹⁷

Det viktige for Kristoffer med besøket om bord på båten var dei militærstrategiske opplysningane, som ikkje var fordelaktige for motstandarane av

Olav Engelbrektsson. Men her står det at båten var ein *boier* – same type som blei nemnt i brevsitatet frå 1533 – som er eit nederlandsk namn på ein nok-så flatbotna frakteskute.¹⁸ Rimelegaste grunnen til at ein slik båt var i Bud, var tømmer-oppkjøp, og det betyr nok at hollendarane var allereie då i gang med handelen sin i ytre Romsdal. Boieren dreiv altså handel her 60–70 år før den tida Grüner skriv om, for skogen nådde på den tida langt ut mot havet.

Etter kvart som skogen i ytste Romsdal blei uthogd, søkte hollendarane lenger inn i fjordane. Dermed kom ytre Romsdal meir i bakleksa. Grüner har gjennomført den grundige kartlegginga si med grunnlag i tollistene som er bevart, og i avgiftsregistra for sagbruka.¹⁹ Desse listene for Romsdal begynner først med året 1604, noko som fortel at det tok lang tid før kongen greidde å etablere effektiv tollinnkrevjing, og den tidlege handelen med ytre Romsdal kjem såleis ikkje fram i desse kjeldene.

Kontaktforma

Første skriftlege livsteikna frå Romsdal om handelskontakt utover kjem frå rekneskapar i Bergen frå sommaren 1520, der det i inntektsoversikta for kongsgarden blir opplyst: «6 tynner fisk kom frå Bud».²⁰ I utgiftsrekneskapen for Bergenhus slott og len kjem det så: «5 tynner norsk salt som bønder frå Bud fekk i vederlag for fisk dei førte til garden».²¹ Her må det vere tale om same bøndene (eller fiskarane) som både leverte fisken (mest truleg tynnesalta torsk) til kongsgarden ute ved festninga i Bergen og fekk att 5 tynner salt i bytte. Slik foregjeikk my-



Tørrfisk som blei frakta til Bergen, blei kvalitetssortert og lagra før eksport. Foto: Anders Beer Wilse/Riksantikvaren/Wikimedia Commons.

kje av handelen den tida. Men me skal ikkje sjå vekk frå at denne båten frå Bud hadde meir enn dei seks tynnene med seg til Bergen, i alle fall viss ein ser for seg at dei siglte med jekt, som var blitt det vanlege fartyet då. Dei omtalte fisketynnene brukte dei for å handle til seg salt med. Resten av lasten kan dei ha selt til hansakjøpmennene, som heldt til innover Bryggen, og der kunne dei både få kontantar og bytte til seg andre typar varer, som dei frakta med seg heim att. Slike bergensreiser blei gjort kvart år og kanskje to gonger i året, for hansaen organiserte to årlege «bergensstemner».

Eit anna tidleg vitnemål om romsdalingar ute på handel er frå 1563 i

ei rekneskapsoversikt over innkravd skipsskatt i Bergen, for då må skipper og styrmann Tor Øysteinsson frå Bud betale ei avgift på 10 våger fisk, dvs. sirka 200 kg.²² I same lista er det fortalt om Olav Knutsson frå Bjørnsund, som betalte 2 våger, og ein annan Olav frå Harøya (enten i Fræna eller Sandøy kommune) betalte 1 våg. Buaværingane og øyamennene hadde altså båtar dei drog på handelreis med, og kongen gjorde desse båtane til skatteobjekt.

Det språkleg viktige i denne samanheng er at dei som hadde vore i storbyen Bergen og møtt tyskarar, tok med seg informasjon og sanseintrykk tilbake til romsdalsbygdene sine. Dette var nyheitskanalen den tida, og kjenn-



Bergen. Koparstikk av Hieronymus Scholeus frå 1588. Kjelde: Universitetet i Antwerpen/Wikimedia Commons.

skapen til nye varer og oppfinningar – kall det gjerne moderniseringa – kom denne vegen. Då følgte nye ord med.

Hansaen var altså organisert med «kontor» der tyskarane budde og virka utan å blande seg mykje med lokalbefolkninga. Handelssystemet blei dessutan lagt opp til at lokale handelsmenn frakta fisken til Bergen og handla med hanseatane der. Derfor reiste fiskarbøndene med jekter sør- over langs kysten med fisk tørka i den kjølige nordaustvinden, som på våre kantar er så gunstig om vårane etter torskefiskja er overstått.

Ikkje alle bønder og fiskarar reiste av garde til Bergen. Berre somme hadde jekt, og dei kunne ha eit mannskap på 7–12 mann, har Nedkvitne rekna ut

for den tilsvarende jektetraffikken som gjekk til og frå Nord-Norge.²³ Men ei jekt frakta fisk for 30–40 fiskarbønder. I 1520 var det dermed kanskje 10 buaværingar (eller sirka 8 % av dei sirka 130 innbyggjarane i været) som hadde vore ein eller to gonger i Bergen og treft nordtyskarane i samband med at dei leverte fisken og handla til seg andre varer. Dei låg nok fleire døgn på Vågen i Bergen for å orientere seg om handel og prisar, og kan hende måtte dei vente i kø. I denne tida hadde dei kontaktar på land med utlendingane, og etter fleire turar utvikla kanskje somme fraktarar personleg kjennskap med tyske kjøpmenn og gesellar.

Kjeldene våre fortel ikkje mykje om «grasrot»-kontakt med tyskarane.

Det blei med kjøpestemna i Bergen. Den store språkpåvirkninga frå tysk kom kanskje mest gjennom den sjenerelle dominansen tyskarane hadde i kultur, handel, politikk og samfunnsutvikling gjennom mange hundreår. Dei geistlege som utdanna seg ved universitet, reiste mest til Tyskland, og reformasjonen kom frå Luther og Nord-Tyskland. Ettersom landet vårt blei mykje svekt etter svartedauden, gjekk den sjenerelle kontakten via det endå sterkare tyskpåvirka Danmark, som var den dominerande parten i Kalmarunionen. I lokalsamfunna var nok nærkontakten med hanseatane liten. Men uavhengig av hansaen reiste ein del tyske handverkarar rundt, slik at nordmenn på bygdene kunne kjøpe tjenester og lære nye handverk.

Hollendarane oppsøkte derimot bøndene og bygdene oppetter kysten og inne i fjordane. Ein kan rekne med at til tettare og meir direkte kontakten var, til lettare kunne ein ta opp nye ord og uttrykk. Her kan me lese noko ut av tollistene, slik Grüner har gjort. Der går det fram at somme båtar gjekk i ein slags skytteltrafikk. Sesongen for å gå over Nordsjøen og opp til Nord-Vestlandet gjekk gjerne frå mars til oktober eller november. Det tok ei veke på overfarta med god bær, og i løpet av eit år var somme båtar her tre og fire gonger. Når dei var her, ser det ut til at det jamt over tok eit par veker å få lasta båten slik at dei kunne fare heim att. Ofte var det same skipperen som kom att, men somme gonger dukka nye opp når skuta gjorde neste turen. I 1621 rakk skipper Sipicke Renns frå Harlingen å komme til Romsdal heile fem gonger, og då hadde han vore




«Pesta farer landet rundt» - teikning av Theodor Kittelsen, 1904. Kjelde: Nasjonalmuseet.

skipper på to båtar, nemleg «De rede Leuue» (= Den røde løva) og «De Fortuin» (= Lykka).

Hollendarane gjekk inn i alle vikar og handla direkte med bøndene, ofte ulovleg, for der hadde tollarane lita makt. Hollendarane kjøpte først og fremst trelast, men òg fisk, huder, smør, skinn, talg, tran, neter, strikka-labbar og tjøre, og dei kjøpte gjerne mose som kunne brukast til farging. Dei selte korn, salt, sko, lerret, sild, krydder, skonrokk, ost og drikkevarer. Slikt kjem fram i innkomne klager, som naturleg nok dukkar opp pga. dei motsette næringsinteressene som fanst.²⁴ Denne handelen foregjeikk mykje med kontantar, men òg som byttehandel.

Båtane hadde mannskap på over ti personar. Når skipper og mannskap kom att gong etter gong og år etter år,




Kart som viser dei 110 oppgangssagene i Romsdal i 1620. Kjelde: Grüner, O.: *Hollandertia i Romsdal*, 1972.

blei dei kjent med både landskap, gode hamner og folk på land. Dei måtte oppsøkje kvar gard som hadde tømmer og plank å selje så lenge handelen skjedde direkte med bøndene. Dessutan forutset byttehandel at det foregår personlege forhandlingar. I tillegg måtte det òg vere ein fordel om bøndene fortalte kva varer dei ønskte, slik at hollendarane kunne ta med seg det som var etterspurt, på neste reis til Norge.

Skipperane var òg avhengige av mykje hjelp frå bygdefolket med frakting til skipet. Skipper og mannskap blei såleis godt kjent med familiane nær hamnene.²⁵ Grüner tenkjer seg situasjonen slik: «De skuter som kjøpte

trelast i småpartier av bøndene, må ha dradd rundt fra sag til sag eller bøndene har kommet roende med et par tylt sagbord på slep. Så har det blitt prutting og prat.»²⁶ På denne måten kunne det utvikle seg mykje personleg kjennskap og vennskap.

Det finst òg opplysningar som tyder på at nordmenn blei mannskap på båtane; Sverre Steen meiner dei fleste skipa hadde norske matrosar.²⁷ Dessutan tok nordmenn hyre på hollandske båtar som gjekk i anna fart på verdenshava. Dermed var kontakten med Nederland stor, slik at det var slett ikkje noko eineståande for stormannen Kristoffer Rustung at han hyrte



Utsnitt frå Kristen Jensson si bok *Den Norske Dictionarium eller Glosebog* (1646).

seg i hollandsk tenest. Folk frå bondestandet gjorde òg det.

At kontakten utover hadde sine språklege følgjer, var det i alle fall ein som reflekterte over i samtida, nemleg sunnfjordingen Kristen Jensson, som i 1646 gav ut boka *Den Norske Dictionarium eller Glosebog*. I forordet skriv han m.a.:

... det gode og gamle norske språket, som særleg er blitt blanda med mange andre tungemål og fremmendt språk, og det aukar på for kvar dag pga. [at] den edle sjøfarta [gjer at] fremmende besøkjer [landet vårt], og pga. at nordmenn vandrar ut til fremmende byar og seinare så slår seg ned i fedrelandet sitt [att]...²⁸

Fortalen.
der / som sig der effter neder sette i deris Fæderneland) disz klarligere kunde komme for Dagen / oc fra de andre adskillis / thi det ene er saa megit indviet i det andet / da haffuer jeg for den Aarsag skryld vildeet dette mit Arbejde alle forbedte gode Norbagger til tjeniste paa Trycken lade udgaa.

Huorfore jeg gandske ydmygellig er begierendis hos alle oc en huer / som dette mit Arbejde forekommer / at det udi den beste Meening maatte bliffue optaget / oc det oesaa aff eder imod alle Momi Staldbrodre loffligen maatte bliffue handthæffuit / ladendis der hos
der

Utover 1600-talet minka truleg den direkte kontakten mellom hollendarar og bønder. Grüner har studert nøye detaljane i tollistene, og han fann at for åra 1611–1614 var framdeles over 80 % av trelastseljarane bønder, men mengda trelast dei selte, utgjorde berre så vidt 20 % av alt. Det tolkar han slik at bøndene handla direkte berre for å skaffe seg nødvendige varer. Det meste bøndene leverte av trelast, gjekk til dei «kondisjonerte» på den tida; og dei selte vidare att til hollendarane. Dei kondisjonerte slo seg meir og meir opp som mellommenn i denne handelen. Derfor er det ikkje urimeleg å tenkje seg at tettaste og den mest personlege

kontakten var på 1400- og 1500-talet, altså i tida før stat og borgarskap tok over kontrollen. Men det vil òg seie før me får historiske kjelder som kan dokumentere situasjonen.

Korleis snakka dei saman? Endå i seinmiddelalderen og truleg òg på 1500-talet reknar ein med at lågtysk og hollandsk var så nær norsk at folk kunne forstå kvarandre nokså bra på tvers av språkforskjellane.²⁹ Det ein gjer i slike tilfelle, er å unngå ord ein merkar samtalepartnaren ikkje er van med, og ein tek gjerne i bruk gloser frå den andre sitt språk. Altså ei gjensidig tilpassing. Ein kallar slikt semikommunikasjon, og ein kan samanlikne det med slik me nordmenn omgåst danskar i dag. Med visse tilmåtingar går det godt å kommunisere på kvart sitt språk – slik me i så stor grad i dag er vant til å snakke saman på ulike dialektar i Norge.

Me kan òg legge merke til at borgarskapet som etablerte seg i dei nye tettstadane i stor grad var tilflytta. Dei to største i denne bransjen i Romsdal var Hermann Momme og Joris Non, den første hollendar, og den andre engelskmann. Joris Non (død 1636) var berre handelsmann og dreiv stort i Romsdal frå noko før 1620, og han heldt fram til innpå 1630-talet.³⁰ Ein tredje var skotten Willom Schott. Desse driftige utlendingane etablerte seg altså i Romsdal med utgangspunkt i den handelen som allereie var etablert. Hermann Momme dreiv stort, for han dreiv også sagbruk og skipsbyggeri, og han åtte sjølv båtar i trelastfart.³¹ Han er først nemnt i 1603, flyttar så i 1620-åra ned til Nederland att og overlèt verksamheita til sonen eller slektningen Johan Momme.

Språklege spor

Den språklege forskjellen på nordtysk (lågtyisk) og nederlandsk var ikkje stor i seinmiddelalderen. Det ville ikkje vore heilt gale å rekne dei to som same språket. Avstanden til høgtysk er større. Den historiske interessa i Norge har vore svært einseitig orientert mot tyskarane, og det er ikkje utenkjeleg at oppslagsverk dermed tilskriv litt for mange ord til tysk. Nedafor skal me sjå på språkpåvirkninga frå lågtysk og nederlandsk samla, men prøve å skilje der det eine er mest sannsynleg.

Ord

I *Nynorskordboka* er det 2021 ord av tysk opphav, og av desse er 187 merkt spesielt som lågtyske, mens 7 er merkt som høgtyske. Resten av orda kan dermed ha opphav i begge språka. *Nynorskordboka* viser oss òg at nederlandsk har gitt oss 167 ord, men for 99 av dei er det nemnt at lågtysk òg kan vere kjeldespråket (og for 12 tysk sjeenerelt). Me ser altså at skiljet er nokså vagt. Det kan godt tenkjast at hollendarane er dei som lærte norske bønder å bruke mange av orda som handbøkene i dag kategoriserer som tyske.

Utanom dei klassiske språka latin og gresk er tysk det språket som me har importert flest ord ifrå. Men mens latin og gresk har gitt oss flest boklege og akademiske gloser, har dei tyske og nederlandske orda i større grad gått inn i kvardagsspråket, og me brukar dei i nesten kvar setning. Latinske og greske ord står i ordboka, men blir derimot ikkje så mykje brukt. Me tenkjer neppe over til dagleg at 30 % av orda i ei norsk ordbok kjem frå tysk. Finn Hødnebo laga ein gong denne

tekststubben for å vise kor påverka norsken er: «Skredderen tenkte at trøya passet fortreffelig, men kunden klaget og mente at plagget var kort og tøy et simpelt og grovt». ³² Denne setninga inneheld 17 importord (16 av dei frå tysk) og berre 3 forskjellige arveord. Dei siste tre utgjer fire av orda i teksten, nemleg «... at ..., ... og ... at ... var ...».

I dag blir alle orda i setninga opplevd som heilt vanlege i morsmålet vårt. Ord me har fått inn frå andre språk, blir gjerne kalla lånord, men det er ei uheldig nemning, for orda er ikkje berre til låns; me har knabba dei og gjort dei til våre eigne. Me leverer dei ikkje tilbake. Derfor er nemninga importord laga for å markere at orda no er våre fullt og heilt.

Dei tyske og nederlandske orda er lette å kjenne att i mange tilfelle, og det gjeld særleg dei som begynner med *an-*, *be-*, *bi-*, *er-*, *for-* eller sluttar på *-bar*, *-heit*, *-else*, *-eri*, *-ske*: *anta*, *bestemme*, *bislag*, *erkjenne*, *forstyrre*, *elendigheit* og *forbrytelse*. Dei blei så vanlege at me med føre- og etterledda (pre- og suffiksa) *be-* og *-heit* òg kunne lage nye ord sjølve, dvs. slike som ikkje finst eller fanst i lågtysk eller nederlandsk. For eksempel kan i romsdalsk og nokre andre vestlands- og nordlandsdialektar ordet *fortøye* òg heite *betøye*, og siste ordet er heimelaga.

Men andre tyske ord er ikkje slik at ein kan skilje dei frå dei norske arveorda. Det kan vere ord som *dragar*, *dristig*, *fli*, *frukost*, *kjake*, *kjøken*, *klen*, *koke*, *lukt*, *mast*, *nat*, *skap*, *snakke*, *snikkar*, *spøkje*, *strikke*, *tallerken*, *terge* og *skokk*. ³³ Somme av desse orda har trengt ut eldre dialektord dei aller siste genera-

sjonane, f.eks.: *dugurd*, *tale*, *spøte/binde*, *børsk/borddisk*, eller dei lever side om side som *terge* og *erte*. Dei fleste av desse orda er brukt i heile landet i dag, og korleis og kvar dei kom først i bruk, er uråd å påvise.


Når orda har fått leve ei tid i språket, kjennest dei som våre eigne dialektord. Når du klagar på at nokon «tok børtten min», eller når nokon seier at «han va besætt te å lure folk», brukar du tyske ord som me har importert for lang tid sia. Orda *børt* og *besett* er blitt gode og uttrykksfulle dialektord. Litt gammaldags er det vel å påstå at «Det e dårleg bevendt der no» (altså at tilstanden er dårleg). I siste tilfellet har forfedrane våre vore litt kreative og vridd nokså mykje på betydninga i det opphavleg tyske ordet *bewendet*, som i det språket betyr 'slått seg til tols'. No forsvinn nok det ordet frå norsk. Ord lever nemleg eit usikkert liv – enten dei er heimelaga eller importert.

Eit ord me kanskje kunne tru var romsdalsk i si særbehandling, er *langsam* frå tysk, om 'kjedeleg' og ikkje om 'sein', som det betyr på tysk. Men som me ser av kartet nedafor, finst den betydninga ein god del vidare enn i Romsdal, men ikkje slik at ho kan kallast allmennorsk. Bruken er heller regional for det såkalla Midt-Norge.


Litt mindre utbreiing har betydninga 'utsliten, øydelagt' av *klar*, som i romsdalsk er skilt frå adjektivet *klår*, men som har same tyske kjelda, som igjen har fått ordet frå det latinske *clarus*.

Kokkelur

Eit ord med avgrensa lokal utbreiing er *kokkelur*, som finst i hovedsak



Utbreiinga av *langsam* = 'kjedeleg', etter Norsk Ordbok, <http://no2014.uib.no>.



Utbreiinga av *klar* = 'utsliten, øydelagt', etter Norsk Ordbok.


i Nord-Norge, Møre og Romsdal og Nordhordland. Elles i norsk heiter det gjerne *kuvung* eller *buhund*.

Mange av oss frå ytre Romsdal har nok gått i fjøra, teke opp kokkelurar og prøvd å sjå kva som gøymte seg inni dei. Somme har truleg òg undra seg over sjølve ordet. Dette merkelege ordet kom frå det nederlandske ordet *koekeloer*, som er nettopp eit snigelhus. I nederlandsk brukar ein òg verbet å *kokkelure* slik me gjer i romsdalsk. Det nederlandske ordet skal vere ei omlaging av det latinske *conchylium* eller *cockylium*, som me i dag kjenner i forma *konkylie*, brukt om dei store snigel-

husa som ikkje finst på våre strender, men som har vore vanlege souvenirar frå det fjerne utland. I dei har det altså sete ein snigel og kokkelurt ein gong.

Då hollendarane høyrte det latinske ordet, assosierte dei første delen av det til det nederlandske ordet for å kike, nemleg det me kjenner betre frå tysk *zu gucken*. Her ser ein korleis ord på vandring mellom språka forandrar seg litt i kvart språk det får opphaldsløyve i.

Men korleis sit ein når ein kokkelurar? Innhaldet i ordet er slett ikkje eintydig og presist, men eine betydninga i *Norsk Ordbok* er formulert slik:



Utbreiinga av kokkelur om 'snigel' Norsk Ordbok.

«sitja ihopkrøkt og gøynt». Det er ein god posisjon for både å gruble og spekulere, ja, òg for å sture. Den siterte beskrivinga passar godt på snigelen i kokkeluren. Verbet *kokkelure* har altså språkleg ikkje noko med ein lur eller å lure å gjere, men det gjev sjølvstast assosiasjonar den vegen likevel.

Båt, sjø og vêr

At nordmenn i så stor grad lærte sjømannskap av hollendarane, kan me sjå av slike ord som kanskje me kystbuar har meir føling med enn andre. Til og med det gamle velkjente vêret har fått mange nye nemningar frå nederlandsk: *dis*, *bris*, *kuling*, *orkan*, og når adjektivet *laber* òg kjem derifrå, er vindstyrken 'laber bris' heilt nederlandsk. Sjølve båten må beskrivast med nederlandske ord heilt frå bakken og fram til *klyveren*: *dekk*, *dørk*, *kå-i*, *skandekk*, *spygat*, *rip*, *vant*, *spel*, *ruff*, *spant*, *fallreip*, *ruff*, *kjetting*, *dregg*, *anker*, *fokke* og *baugspryd*. Og ord som har med utstyr og arbeid på og kring bå-

ten å gjere, er nederlandske, f.eks. *bas*, *bedding*, *bestikk* (*skaffety*), *buksere*, *båtsmann*, *dokk*, *forlis*, *fortøye*, *heise*, *kantré*, *ka-i*, *kjølhale*, *kaus*, *knop*, *lense*, *lovart*, *matros*, *orlog*, *overhale*, *peile*, *ropert*, *skaffe*, *skalke*, *skofte*, *slingre*, *stropp*, *spleise*, *svaie*, *talje*, *trinse*, *utkik*, *vaie*, *vimpel*, *vrak*, osv., osv. Hollendarane var flinke med sjøkart, og både *eit bestikk* (dvs. oppteigningar om kurs) og *ein bestikk* (om lugaren der ein lagar oppteigningane) kjem frå dei.

Det sjenerelle ordet *farty* er nederlandsk, og det same gjeld ord for fleire båttypar: *jekt*, *kaper* (= sjørøvarskip), *skøyte* og *lekter*. Om nokon har undra seg over korfor bakken på ein båt er framme, er svaret at ordet er nederlandsk (som igjen har fått det frå latin) – og det har ikkje med det norske 'bak' å gjere. Opphavleg gjekk ordet på det ein henta maten i, altså ei skål (jf. ord som vaskebakk og spyttbakk), men etter kvart blei det brukt om dekket over rommet framme i båten der ein lagra maten og henta han. Bak på båten blei forresten kalla *akter* – igjen nederlandsk.

Når me romsdalingar seier *ei kå-i* og *ei ka-i* – i skriftmålet *køy* og *kai*, men altså uttalt med to stavingar hos oss – viser uttalen tydeleg at me har fått orda frå nederlandsk. I nederlandsk ser ein det av skrivemåten: *kooi* og *kaai*.

Uhøgtidleg

Det kan sjå ut til at me har fått nok-så mange uhøgtidlege ord frå nederlandsk, og dét kan nettopp forklarast med at kontakten var spesielt tett med hollendarane, for uhøgtidlege ord kjem sjeldan frå formelt eller skriftleg språk.

oss å organisere heile produksjonen og eksporten. Storkarane gjekk kanskje heller ikkje sjølve inn i detaljane i produksjonen med nye teknikkar og dermed nye ord. (*Vrakar* kjem derimot frå lågtysk eller nederlandsk, mest sannsynleg frå lågtysk, for det var nok aktuelt allereie når ein leverte tørrfisk hos hansaen.)

Grammatikk

Det er svært sjeldan at me kan sjå grunnleggjande grammatiske drag i norsk som er importert frå eit anna språk. Men frå lågtysk og nederlandsk har me fått ein måte å uttrykke genitiv på som ikkje fanst i gammalnorsk, nemleg uttrykksmåten: *hass Knut si bok*. Dette er den såkalla garpegenitiven (eller betre: sin-genitiven). Denne nemninga er eigentleg meint litt negativt, for *garp* var utnamn brukt om tyskarane på Bryggen i Bergen, og i skriftmåla våre var ein lenge skeptisk til denne uttrykksmåten. Sin-genitiven er nok gammal for heile Vestlandet og Nord-Norge. I romsdalsk er han belagt frå 1744 i dialektuttrykka som amtmann Tønder sendte inn til kanselliet; kanskje òg i eit dikt frå 1733.³⁶ Men denne sin-genitiven er registrert i oppskrift frå Trondheim allereie i 1500, og dét er over 50 år før førsteforekomsten ein har funne i bergensk,³⁷ og Trondheim var ikkje så dominert av garpar. Så kan hende har hollendarane inspirert like mykje til den vide dialektbruken av denne konstruksjonen som hanseatane har gjort.

Den gamle måten å uttrykkje eit eigedomsforhold på, var å sette eigaren i genitiv, f.eks. *båtr Knúts* eller *båtr hans Knúts*, 'båten hans Knut' (for det

er gammalt å sette pronomen framom personnamn). Den første uttrykksmåten har overlevd berre på Agder og i Telemark. Då genitiven fall vekk som kasus i norsk på 1400-talet – dvs. at ein ikkje hadde eiga ending for genitiv lenger – fungerte ikkje uttrykksmåten så godt. Då henta ein «inspirasjon» frå lågtysk/nederlandsk til ein erstattar, for der sa ein slikt som *Jan z'n boot*. Ordet *z'n* tilsvavar *sein* i den høgtysken me kjenner, og det er eigeforma til hankjønnspronomenet, altså 'hans'. Ord for ord betyr derfor den nederlandske formuleringa 'Jan hans båt', men ordet *z'n/zijn* er så likt det nordiske refleksive pronomenet *sin*, at nordmenn tolka det som det, og dermed blei det *Jan sin båt*. Det refleksivet pronomenet vårt skil ikkje mellom kjønna, og dermed blei det òg teke i bruk i hokjønn på norsk, altså *Marie sin båt*, der nederlandsk har *Marie d'r boot* (dvs. ordrett 'Marie hennar båt').

Men når ein har importert noko frå eit anna språk, står ein heilt fritt til å utnytte det på sin måte. I romsdalsk har denne sin-genitiven berre avgrensa bruk, for han forutset at det er tale om ein kontrast, dvs. at om du seier: *Her er bondinj sinj båt*, så har det òg vore aktuelt i samtalen å snakke om ein annen sin båt. Sin-genitiven har altså ein utpeikande (eller kontrasterande) funksjon om eigaren. Viss ikkje det er aktuelt med ein slik situasjon, seier ein i staden *Her e båt'n åt bondå*. Her brukar ein altså det andre alternativet som avløyste den gamle genitiven, nemleg å sette preposisjonen *åt* inn i staden for den gamle genitivsendinga.

Med slik kreativitet har romsdalsk altså fått to ulike måtar å uttrykkje ei-

garforhold på, og kvar måte med sin særfunksjon. Me er nok ikkje heilt åleine om dette, men eg har ikkje fått solide stadfestingar på dette systemet frå andre plassar. I bergensk og hordalandsk finst ikkje denne forskjellen, for ei herme om *Pitter sin tante sin katt er død* gjeld sjølv om det ikkje er underforstått at det er ein annen katt som er død òg. Dette kan antyde at me ikkje nødvendigvis har fått inspirasjonen frå lågtysk via bergensk, men kanskje heller frå nederlandsk.

Personnamn

Personnamna er ein del av språkkulturen, og dei kan fortelje om kulturelle straumdrag. På grunn av strenge oppkallingsskikkar har det vore stor konservatisme i namneforrådet. Omleggingar kunne ikkje skje raskt. Men når innflyttarane blir oppattkalla, set dei sjølvsgt merke på namnetradisjonen.

Eldste skattelista, frå 1520–21, gjev oss ei temmeleg fullstendig liste med namn på familieoverhovuda, som oftast menn, men ikkje berre. Namna i lista fortel om nye namn som me ikkje møter i eldre dokument. I lista for Romsdal får me namnet på 291 personar, og av dei har 12 fått det tyske namnet *Engelbrekt*, som blei svært populært på våre kantar, men mest i forma *Ingjebrekt*. Namnet blei teke i bruk på 1400-talet truleg inspirert av den svenske opprøraren Engelbrekt Engelbrektsson (ca. 1395–1436). Namnet vann popularitet særleg i Midt-Norge, der òg Karl Knutsson Bonde frå Dalarna var ekstra populær og var på eit vis opprørskonge i Norge eit år, dvs. i 1449–1450. Dessutan finst det 2 *Hans-*

ar i 1520, som altså har den tyskutvikla namneforma av det hebraiske og bibelske Johannes – mens *Jon* var den tilsvarende norskutvikla forma og i bruk om 23 romsdalingar. 2 *Jens*-ar var det òg, og det namnet er endå ei lågtysk utvikling av *Johannes*. Kvinne- namnet *Gjertrud*, òg frå tysk, er brukt to gonger blant dei relativt få kvinne- namna i 1520-lista. Nokre tyske namn med éin namneberar er *Albert*, *Fredrik*, *Hagbart*, *Kort* (lågtysk form av *Konrad*) og *Robert*. Dessutan er det ein som ber det nederlandske namnet *Hannig* (som svarar til det tyske *Heinrich*, og som enno i 1520 ikkje er teke i bruk).

Dette var ikkje så reint fåe namn frå det tysk-nederlandske området. Av personane me har namn på, ber 22, dvs. 7,56 % eit tysk eller nederlandsk namn. Frå engelsk hadde ein det riktig gamle *Sunniva*, som 2 romsdalingar heitte då. Elles er det helst bibelske namn som fornyar namneforrådet vårt dei første par hundreåra etter svartedauden.³⁸

I 1744 leverte amtmannen i Romsdal, Kristian Ulrik Tønder, svar på dei mange spørsmåla kongen hadde sendt ut frå kanselliet i København til embetsmenn i landet året før, og eitt av spørsmåla gjaldt underlege namn i lokalområdet. Lista er derfor ikkje statistisk representativ for namneforrådet, og ein kunne venta seg mest særnorske namn. Men amtmannen noterer seg òg nokre opphavleg tyske namn som han synest er «rare»: mannsnamna *Gjerke* (laga av *Gerhard*) og *Timann* (av *Tidemann*), og kvinnenamna *Erte* (laga på det tyske og nederlandske mannsnamnet *Ert* = *Erhard*) og *Alis* (norsk utvikling av *Adalheidis*).³⁹

«Rart» er òg namnet *Kløri*, som er ei nederlandsk namneform laga på det greske Chloris. Me ser at Tønder òg tek med den romsdalske utviklinga av *Sunniva*, nemleg til *Synnau*, og han har òg stussa på den heimlege utviklinga av det italienske *Dionetta*, nemleg *Gjønet*.

I 1801 kjem den første fulldekkjande folketeljninga, slik at ein der i prinsippet har alle personar med. Her kan ein då sjå kva som har påverka norsk namnekultur enten gjennom innflyttarar eller ved mote gjennom dei nesten 300 åra etter skattemanntalet frå 1520. No er *Gjertrud* (i nokså mange variantar i skrift) blitt ein komet, og det namnet hadde på kort tid nådd 286 i tal på berarar og dermed 5. plassen på kvinnelista for 1801. Det tyske namnet *Hans* har òg krabba seg oppover heilt til sjetteplass på mannslista (dvs. at 259 personar har det namnet), og det eldre tyske *Ingjebrekt* frå 1400-talet (men då i den meir tyske forma *Engelbrekt*) har ramla frå 5. til 10. plass med sine 107 namneberarar.

Dei andre tyske og nederlandske namna frå 1520 står seg slik: *Jens* har fått heile 43 namneberarar, *Albert* 3, *Fredrik* 18 og *Robert* 1. *Hagbart*, *Kort* eller *Hannig* var det ingen som heitte i 1801. Det siste namnet kan vere bytt ut med *Henning* (1). Når det gjeld namna på Tønder-lista, er det ingen som heiter *Gjerke* eller *Erte*, men 2 heiter *Timan*, og 12 *Al(l)es*.

Men så har det komme til ei rad heilt nye: Det tyske *Johan* hadde 76 namneberarar, *Jørgen* hadde 67, *Johanna* 56 og *Sivert* 52. No har *Henrik* komme inn med 20, *Aren(t)* med 15, *Alet* 17 og *Tale* 11. Når det gjeld mindre brukte

tyske namn, finn me *Evert* (6) (frå lågtysk), *Didrik* (5) (frå lågtysk), *Hermann* 5, *Frans* (4), *Gjert* (3) (frå lågtysk), *Klaus* 3, *Bern(t)* (3) (frå lågtysk), *Valborg* (3), *Ulrik* (3) og *Tønnes* (2) (frå lågtysk eller nederlandsk). Nytt – og klårt nederlandsk – er: *Jan* (3). Berre éin namneberar har desse namna: *Ernst*, *Hartvig*, *Hedvig* og *Vilhelm*. I tillegg har ein no fått nokre kvinnenamn laga ut frå tyske mannsnamn: *Albertina* (3), *Gjert(r)ina* (2), *Henrikka* (1), *Henninga* (1), *Ulrikke* (1) og *Vilhelmine* (1). Dette er ein namnetype som blei vanleg i Norge på 1700-talet.⁴⁰

Samla omfattar desse tyske og nederlandske namna 1100 romsdalingar, og det utgjer 8,29 % av heile befolkninga på 13 275. Dermed må ein kunne slå fast at frekvensen av tyske og nederlandske namn eigentleg ikkje har stige mykje (dvs. frå 7,56 %) på dei knapt 300 åra. Det kan vel tyde på at namnetradisjonen som nemnt har vore svært fast og konservativ, og at ikkje så mange tyskarar eller hollendarar slo seg ned og dermed blei integrert i befolkninga. Lågast prosent hadde inste prestegjeldet, Grytten, med berre 5,8. Høgast tal var det i Bud og Aukra, som hadde 12 % og 9,7 %.

Me kan legge merke til at i Molde by (i Bolsøy prestegjeld) har 13,9 % av namneberarane (112 av 803) tysk, nederlandsk eller frisisk namn. I Buaværet (i Bud prestegjeld) utgjorde dei 14,7 % (38 av 258), på Bjørnsund 13,4 % (11 av 82), og på Ona 14,9 % (10 av 67). Desse høgare tala dreg i praksis ned gjennomsnittsprosenten for restområda, dvs. dei reine bondebygdene.

Det er altså samfunna med embetsmenn, borgarar og fiskarar og dermed

mindre stabil folkesamansetning som ser ut til å dra opp bruken av utalandske namn, og det kan i så fall tyde på at det er ein annan kanal for denne påvirkninga enn den nærkontakten med bøndene som mannskapet på hollendarskutene hadde. Namnetradisjonen i det reine bondesamfunnet representerte det konservative. Berre ein nærare detaljgjennomgang av namnelistene (dvs. folketeljinga) kan vise om det mest er standspersonar som ber utalandske namn; men tala i enkelt-samfunna kan lett bli så småe at det er vanskeleg å komme fram til pålitelege resultat.

Stadnamn

Me har ein del romsdalske stadnamn som opplagt inneheld eit «fremmendt» førsteledd, og alt peikar i retning av at mange av dei har noko nederlandsk eller lågtysk i seg. Mistanken om noko fremmendt får ein ofte av rytmen i namnet, og det er klårast der førsteleddet har to stavingar. Viss ein nynnar f.eks. *Kipersundet*, det første stadnamnet me skal sjå på nedafor, vil ein merke at tonegangen og trykkfordelinga er annleis enn i f.eks. *Lisjesundet*. *Kipersundet* har det me kallar tonem 1 med trykk på første stavinga. Namnetypen *Lisjesundet* har tonem 2, og i ytre romsdalsk er trykket nokså jamt på første og tredje stavinga, men mest på tredje. Namn av denne siste rytmetypen utgjer dei fleste av stadnamna som er laga som samansetning der første leddet har to stavingar.

Ord og namn av den første typen er spesielle. Førsteleddet i denne typen kan vere norsk, men då er det ikkje tale om eit tradisjonelt norsk substantiv.

Møter me eit namn med denne rytmetypen og førsteleddet er eit substantiv (og då er òg personnamn medrekna), kan me vere på sporet av noko utalandsk. Utalandske namn og ord har oftast tonem 1 i norsk uttale (slik som både *kiper* og det liketydande *bøkkar*), og dét er nok forklaringa på at dei går inn i denne rytmetypen, altså *Kipersundet*-typen. Opphavleg norske ord med tonem 1 derimot brukar å føye seg etter *Lisjesundet*-typen, slik at det heiter *Vinterholet* (uttalt ²*venterhåLe*) (i Molde kommune)⁴¹ med tonem 2 trass i at ordet *vinter* åleine har tonem 1.

Somme av namna i denne typen er uproblematiske å tolke. *Kristengarden* (uttalt ¹*kress'n,gar'n*) i Bud er etter *Kristen Morsing*, ein handelsmann frå Trondheim som slo seg ned i Bud kring 1680. Denne namnetypen inneheld nemleg ein del stadnamn som refererer til personar med ikkje-nordiske for- og etternamn. I somme tilfelle er det tale om slekter som har slått seg ned i Norge. I hovudoppgåva hans *Hans Petter Gjerdset* frå Eid står namna *Skrøderplassen* (uttalt ¹*skrøder,pLass'n*) (om ein nedlagt husmannsplass) og *Hekkmannshola* (uttalt ¹*hækkmannjs,høLå*) (om ei dump eller hole i vegen mellom Eidsbygda og Rødven; dumpa finst ikkje lenger).⁴² *Gjerdset* opplyser at ingen kjenner til opphavsmannen *Skrøder*, og at «Namnet *Hekkmann* er ukjent i vårt område», men at det finst som etternamn i Norge. Men desse to namna er ikkje opphavleg norske, og då går dei inn i mønsteret. I slike tilfelle er det nærast å tru at det er tale om embetsmenn eller borgarar. Tilsvarande er det òg truleg med *Jærmannburet* på Gossa, der me



Lisjesundet i Vikja i Bud. Her hadde truleg Kristoffer Rustung eit sjøhus, og her låg kanskje òg den hollandske båten han besøkte i 1536. (Flyfoto frå 1930-talet.)

ikkje treng leite utafor landegrensene for å finne folk – og mest sannsynleg embetsmenn – som har det tyske etternamnet *Hjermann* eller fornamnet *Gjermann*.

Verken rytmetypar eller utalandske namn er fokusert i stadnamn-arbeid, så det er ikkje lett å få oversikt over alle aktuelle namn i Romsdal. Nedafor skal eg avgrense meg til å drøfte nokre eg kjenner til frå Fræna kommune.

Kipersundet, Gusperhaugen, Klempertåsen, Knaberthaugen og Kokkenhaugen

Ein *kiper* er det same som ein *bøkkar*, dvs. at det er ein som lagar tynner, for på lågtysk betyr *kupe* ei tynne, og han som laga tynna, var ein *küper*. På nederlandsk heiter tynnemakaren det same, dvs. *kuiper* (og på engelsk *cooper*). (Det nyare ordet *bøkkar* kjem frå lågtysk.) Kipersundet har då på ein eller annan måte vore knytt til ein slik handverkar; enten har han budd der eller arbeidd der. I folkeskatten for Molde ladestad i 1681 er ein «Knud Kippers» nemnt med tilføyinga «ex Bou» (altså frå Bud).⁴³ Her har me eit eineståande tilfelle av at me kjenner til

den konkrete personen som er opphavet åt namnet. Utafor dette sundet ligg *Kiperholmane*. (*Kipersundet* om området på fastlandet blir til dagleg mest kalla berre *Sundet*. Sjølve sundet blir oftare omtalt med fullt namn.)

I gamle Bud kommune har me òg *Knaberthaugen*, *Kokkenhaugen* og *Gusperhaugen*, som går etter same rytmetypen, og førsteledda kan ikkje kjennast att som norske. I sjølve Frænen har ein namnet *Klempertåsen*.

Men kva ord er så *gusper*, *knabert*, *klempert* og *kokken*? Leif Vestad antydar norsk opphav for to av dei, nemleg *knabb* 'knaus' og *gust-berg* (der *gust* betyr 'vindpust'),⁴⁴ men skulle det vere rett, måtte rytmen i namna ha vore annleis, nemleg som i *Lisjesundet*.

Gusperhaugen er toppen av Gulberget i Bud. Første delen av namnet gjev ikkje meining på norsk, men det passar inn i andre ord og namn me har frå kontakten med lågtysk og nederlandsk. Eit etternamn tilnærma *Gusber/Gusper* finst i fleire former på nederlandsk, m.a. som *Gysbers* og *Gysberg*. Det skal ha utvikla seg frå *Gyselbrecht*, som finst brukt som etternamn allereie i middelalderen.⁴⁵ Dermed kan me sannsynleggjere at det er ein eller annan *Gysber(g)* som har vore i Bud, og han har sett spor etter seg oppe på Gulberget. Korfor han sette spor, finn me neppe ut noko om.

Klempertåsen er åsen vestom Eidem i Frænen. (Det finst dei som meiner åsen heiter *Klemmetåsen*, men det overser me her.) *Klempert* er uforståeleg på norsk, men på lågtysk betyr verbet *klempern* 'feste, klemme saman med naglar', og *klempert* kunne brukast om ein som reparerte kjelar (dvs. dreiv for-



Klempertåsen til venstre og Haukåsen til høgre. Kjelde: Romsdalsmuseets fotoarkiv.

enkla blikkenslagararbeid) eller om ein omreisande kramkar.⁴⁶ På nederlandsk finst det beslekta verbet *klampen*, som betyr 'å feste saman (f.eks. med krampe eller krok)'. Dermed kan ein lage ei yrkesnemning, og slike er svært vanlege som etternamn i engelsk, tysk og nederlandsk. På norsk kan me òg på liknande vis bruke nokre yrkesnamn som tilnamn og seie f.eks. Jon smed, med desse namna er ikkje blitt til etternamn, mens John Smith og Johann Schmidt er vanlege i dei andre nemnte språka. Desse namna kan folk då ha pga. at ein av forfedrane var smed; dei treng ikkje sjølv vere smedar. Det siste poenget gjer at det treng ikkje vere den Klempert-en som er utgangspunktet for Klempertåsen, som sjølv var kjele-reparatør eller blikkenslagar. Men kanskje. Klempert var i bruk som familienamn i Tyskland alt i middelalderen,

og seinare har det funnest i fleire land. Kan hende var ein av dei eller ein verkeleg handverkar innom Frænen i eit ærend på 1500-talet.

Knaberthaugen ligg austom Gule (i Bud) i retning Langlia. Her òg må det bli gjettingar. Ord og namn som sluttar på *-ert*, kjem ofte frå lågtysk eller nederlandsk. Dette *-ert* som blir hekta på ord, svarar til *-ar* på norsk og blir brukt både om personar som utfører ei handling, og om reiskapen ein utfører handlinga med. Jamfør òg at me seier *fisk-ar* om personen som fiskar, og *trykksmål-ar* om apparatet ein måler trykket med – og begge med *-ar*. Tilsvarende har me *ein ropert* om reiskapen som me ropar med. I namnet *klempert* såg me at det var personen som festa med naglar, det var sikta til.

Det finst faktisk eit nederlandsk etternamn *Knaape(n)*,⁴⁷ og det ser òg ut

til å svare til eit engelsk namn frå middelalderen i forma *Knappett*.⁴⁸ *Knappert* og *Knappett* kjem av ordet *knape*, som fanst i alle dei aktuelle språka og dessutan i norsk i middelalderen. Det er same ordet som det moderne høgtyske *Knabe* (altså 'gut'), og på moderne nederlandsk heiter det same ordet *knaap*. I norsk blei ordet i middelalderen brukt om tjenarar åt storfolk og om handelsfolk i distriktet; på kontinentet var det gjerne tjenarane åt riddarar som fekk slikt yrkesnamn (og seinare etternamn). Det blei etter kvart òg brukt om gesellar i bergverk.

Ein kan altså tenkje seg at det blant hollendarane som farta her oppe i ytre Romsdal og kjøpte tømmer eller plank, var einkvan som hadde yrkesnamnet eller etternamnet *Knaper/Knaber/Knappert*, eller som sjølv var tjenar. På ein eller annen måte er han blitt assosiert med denne haugen, kanskje fordi båten han kom med, henta plank som var skoren av tømmer teke ut frå denne haugen. Kan hende kan han ha tinga på tømmeret frå nettopp denne haugen? Eller det kan ha vore ei spesiell hending som knytte han til staden. Her er det ope for fantasien.

I denne samanhengen kan det nemnast at Ingvar M. Øien fortel frå Eide på Nordmøre at hollendarar åtte skog der heilt til 1838.⁴⁹ Det verkar ikkje heilt unaturleg at hollendarane investerte i skog for å vinne ut tømmer på lengre sikt. Om det har vore slik eigarskap i Romsdal, kjenner eg ikkje til, men ein kunne lett tenkt seg at hollendarane kunne kjøpe tømmeret «på rot». Otto Grüner fortel om hollendaren Levin Levinsson som i 1633 fekk konsesjon i 15 år på å hogge,

skjere og føre ut tømmer på Rauma («Romsdals elv»)⁵⁰ Slike engasjemang på land kunne lett sett spor i namn på ein liten lokalitet.

Nesten midt i Buaværet ligg *Kokenhaugen* (uttalt: ¹*Kåkken,hau'n*). Etternamnet *Kochen* er brukt på tysk, og det har sjølv sagt med matlaging og 'å koke' å gjere. Og meir veit me ikkje om dette haug-namnet, og dermed er det igjen ope for fantasien å tenkje ut meir om korleis ein person frå dei nederlandske båtane har vore så tett innpå buaværingane at han blei kopla til ein haug.

Eg har gått igjennom ein del av tolistene frå 1600-talet (i Grüner-materialet ved Romsdalsarkivet), men har ikkje funne nokon skipper med noko av desse namna. Men dette er nok som å leite etter nåla i ein høystakk. At ein ikkje kjenner eit konkret opphav for eit namn, er for så vidt ikkje så underleg; dét gjeld jo òg reine norske namn, for me kjenner sjeldan til korfor og kva tid ein haug blei kalla f.eks. Grønhaugen i staden for noko heilt anna. Me kan elles legge merke til at det her er haugar, sund og holmar som det er snakk om, ikkje meir sentrale referentar som bygder eller gardar, som truleg har ein fastare tradisjon og dermed er mindre omskiftelege og påvirkelege av enkeltsituasjonar. (Kanskje fleire av oss kjenner til at haugar har skifta namn over eit par generasjonar.)

Nærare enn dette kjem eg ikkje når det gjeld desse fire namna. Men svært sannsynleg er her tale om minnesmerke etter kontakten med hollandske trelasthandlarar – kanskje på 1500-talet.

Oppsummering

Romsdalen har vore eit attraktivt område fram gjennom hundreåra, og det har skapt kontakt og gitt oss påvirkning – òg på språket vårt. Språk og samfunn heng tett saman, og språket kan lesast som eit historisk produkt slik me har prøvd å vise i denne artikkelen. I seinmiddelalderen og første reformasjonshundreåret fekk særleg ytre Romsdal stor tilflytting, mest sannsynleg frå Gudbrandsdalen og Trøndelag, dvs. frå fjellbygder med tungdrivne gardar. Dialekten tyder på det ved at han har fått austlandsk-trønderske lydar (jf. bolken *Innlandsk folkeflytting*) (men halde på vestlandsk grammatikk), og dessutan kan den likskapen i personnamnforrådet som er påvist for dette området (altså Trøndelag, Romsdal og Gudbrandsdalen) i 1801, tolkast som historiske leivningar etter nettopp denne same folkeflyttinga, ettersom tradisjonen med namneoppkalling ser ut til å vere svært sterk.

Kring 1500 var allereie ytre Romsdalen attraktiv for nederlandske tømmer-oppkjøparar, og hollendartrafikken sette sterkt preg på skipstrafikken og handelen langs kysten og i fjordane eit par hundre år framover (jf. bolk *Kontakt med utlandet*). Her er det vanskeleg å peike på nokon spesiell effekt på personnamn-kulturen, og det tyder nok dermed på lite inngifte (bolken *Personnamn*). Derimot viser nokre stadnamn eit tydeleg nederlandsk (ev. lågtysk) opphav, og dei ligg det nær å tolke som minningar av at hollendarane var aktive i lokalsamfunna (bolken *Stadnamn*).

Norsk språk har fått ei mengd nye ord frå tysk og nederlandsk (bolken

Ord). Dei nederlandske vitnar om kontakt særleg innafor sjømannsyrket, og det høver godt med at nordmenn reiste ut og lærte sjømannskap på nederlandske båtar. Desse orda er stort sett allmennorske – ikkje så unaturleg når ord spreier seg lett om nye fenomen og ny kunnskap. Men det regionale ordet *kokkelur* er eit morosamt enkeltvitnemål om at romsdalingar må ha teke del i denne utariksarta. Eit par andre tilfelle med romsdalske særbetydningar viser nok heller korleis me har utvikla ordbetydninga på romsdalsk heimejord når orda først var komne inn i språket vårt. Slik er integreringa i levande språk.

Litteraturliste

- Alhaug, Gulbrand. 2008. Namnemotar i Noreg frå 1700-talet til i dag. I: *Språknytt* 2: 10–13.
- Austigard, Bjørn. 1972. Litt om samkvemmet mellom Eikesdalen og Lesja, Lesjaskogen og Øverdalen. I: *Romsdal Sogelag. Årsskrift* s. 3–14.
- Austigard, Liv Dagrun Gjelsvik. 1974. *Jamvektssord og jamvekt i eikesdalsmålet*. (Oppg. levert til Nordisk C 1-blokk ved Univ. i Trondheim.)
- Braunmüller, Kurt. 1993. Voraussetzungen für die Übernahme mittelniederdeutscher Sprachstrukturen in die skandinavischen Sprachen. I: Kurt Braunmüller & Willy Diercks (red.), *Niederdeutsch und die skandinavischen Sprachen I*. Heidelberg. (Sprachgeschichte 3.) S. 137–160.
- Braunmüller, Kurt. 2012. Semi-communication and beyond: Some results of the Hamburg Hanseatic project (1990–1995). I: Lennart Elmevik & Ernst Håkon Jahr (red.), *Contact between Low German and Scandinavian in the Late Middle Ages. 25 Years of Research*. (Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi CXXI.) Uppsala: Kgl. Gustaf Adolfs Akademien för folkkultur.
- Debrabandere, Frans. 2003. *Woordenboek van de familienamen in België en Noord-Frankrijk*. Amsterdam–Antwerpen: L.J. Veen.
- Døssland, Atle. 2017. 1700-talet. Starten for norsk klippfisk på Nordmøre. I: Atle Døssland & Bjørn Gunnar Tafjord (red.), *Klippfiskboka. Maten og historia*, 39–54. Førde: Selja forlag.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum I–XXII*. Kristiania: P.T. Mallings Forlagshandel, 1847–1995
- Fladby, Rolf & Steinar Imsen & Harald Winge (reed.) 1974. *Norsk historisk leksikon. Næringsliv, rettsvesen, administrasjon, mynt, mål og vekt, militære forhold, byggeskikk m.m. 1500–1850*. Oslo: Cappelen.
- Folkeskatten 1681. I: *Romsdal Sogelag. Årsskrift* 1954, s. 3–13.
- Fretheim, Thorstein & Randi Alice Nilsen. 1989. Romsdal intonation. Where East and West Norwegian pitch contours meet. I: Jussi Niemi (red.), *Papers from the eleventh Scandinavian conference of linguistics*, vol. 2, 442–458. (Studies in languages no. 15.) Joensuu: University of Joensuu.
- Gjerdset, Hans Petter. 1982. *Stadnamn frå Eid*. Hovedoppg. Trondheim: Universitetet i Trondheim.
- Grüner, Otto R. 1972. *Hollendertida i Romsdal. Sagbruk og trelasthandel på 1600-tallet*. Molde: Romsdal Sogelag.
- Hanks, Patrick, Richard Coates & Peter McClure. 2016. *The Oxford Dictionary of Family Names in Britain and Ireland*. Vol. 3. Oxford: Oxford University Press.
- Heide, Eldar. 2010. Tjukk I – Retroflektert tydeleggjering av kort kvantitet. Om kvalitetskøyvinga av det gamle kvantitetssystemet. I: *Maal og Minne* 1-2010: 3–44.
- Holsbøvåg, Kåre Magne. 2010. *Stadnamn i Molde kommune. Namn og kulturhistorie*. Molde: Romsdal sogelag.
- Hødnebo, Finn. 1971. Nedertyske (platttyske) lånord i norsk. I: Willy Dahl, Dag Gundersen & Finn Hødnebo, *En bok om ord*, s. 37–41. Oslo: Universitetsforlaget.
- Jensson, Kristen. 1646. *Den Norske Dictionarium eller Glosebog*. Faksimileutg. ved Per Thorson i 1946. Bergen: Eide.
- Kinn, Torodd. 2015. Mannsnamnsgeografi i Noreg i 1801. Klyngjeanalyse brukt på eit stort antroponymisk materiale. I: *NORNA-rapporter* 91: 53–63.
- KLNM = *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid I–XX*. 1956–1978. Oslo: Gyldendal.
- Løyland, Margit. 2012. *Hollendartida i Norge. 1550–1750*. Oslo: Spartacus.
- Nedkvitne, Arnved. 1983. *Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100–1600*. Dr.avh. Bergen: Universitetet i Bergen.
- NL = *Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567*. Oslo: Dybwad. 1937–1943.
- Sandøy, Helge. 2011. *Romsdalsk språkhistorie. Frå runer til sms – og vel så det*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 2017. Folk og busetnad i Bud fram til 1712. I: Jubileumsnemnda (red.), *Bud kyrkje 300 år. 1717–2017*, s. 49–82. Bud: Bud sokneråd.
- Sandøy, Helge. 2018. Norsk talemål frå 1600 til 1800. I: Brit Mæhlum (red.), *Praksis*, s. 190–212. Norsk språkhistorie, hovedred.

- Helge Sandøy & Agnete Nesse. Bd. 2. Oslo: Novus.
- Skancke, Kaja. 2001. *Mellommedertysk påvirkning på nordnorske dialekter*. (Skrift nr. 3 fra prosjektet Språkhistoriske prinsipp for lånord i nordiske språk. Nord 2001:26.) København: Nordisk Ministerråd.
- Steen, Sverre. 1930. *Det norske folks liv og historie gjennom tidene. Bd. 5. 1640–1720*. Oslo: Aschehoug.
- Vestad, Leif. 2002. *Stadnamn frå Bud i Romsdal. Ei gransking av stadnamn frå Bud, Bergset og Gule*. Upubl. hovedoppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Øien, Ingvar M. 1982. *Stedsnavn i Eide. Ei gransking av navnetilfanget i deler av Eide kommune på Nordmøre*. Upubl. hovedoppg. Trondheim: Universitetet i Trondheim.
- Aasen, Ivar. 1848. *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Kristiania: Trykt hos Werner & Co.
- Notar**
1. Eg takkar kollega og namnegranskar Ivar Utne for svært god hjelp med å etymologisere mange namn og å finne kjelder til utalandske namn. Den hjelpa var ei forutsetning for utrekningane i bolken *Personnamn* og for mange av resonemanga i bolken *Stadnamn*.
 2. Aasen 1848: §347.
 3. Jamfør Fretheim & Nilsen 1989.
 4. Sandøy 2011: 90f.
 5. Jamfør Heide 2010.
 6. B. Austigard 1972
 7. L.D.G. Austigard 1974; Sandøy 2011: 233.
 8. Kinn 2015.
 9. Kinn 2015: 59.
 10. Kinn 2015: 63.
 11. Skancke 2001: 37.
 12. Skancke 2001: 36.
 13. Grüner 1972: 33.
 14. DN X, 645.
 15. DN X, 659.
 16. Jamfør Sandøy 2017: 76f.
 17. DN XI, 637.
 18. Nederlandsk: *boeier*. Namnet er gitt fordi båten er bygd opp med ekstra bordgang på rælingen. Kjelde: *Ordbog over det danske sprog under bøjert*, og i *Svenska akademis ordbok under bojort*. Ordformene med *-t* er nok av yngre dato. *Norsk historisk leksikon* (Fladby o.a. 1974: 43) skriv *boiert* og seier «tidligst nevnt i norske kilder i annen halvdel av 1600-tallet». Belegga her frå 1533 og 1536 viser at det ikkje stemmer.
 19. Grüner 1972.
 20. «vj tynner fiisk. kom aff Bwd» NRJ 1: 582.
 21. «v tønner norstsalt som bønder finge aff Bwd vti erbeds løenn for fiisk the forde til gardenn» NRJ 1: 661. Norstsalt = norsk salt, dvs. produsert i Norge (KLNIV XIV: 702, 712).
 22. NL 3: 191.
 23. Nedkvitne 1983.
 24. Grüner 1972: 32.
 25. Løyland 2012: 39.
 26. Grüner 1972: 37.
 27. Steen 1930: 48; Grüner 1972: 40.
 28. «... det voris gode oc gamle Norske Sprog (som i Synderlighed med mange Tungemaal oc fremmet Sprog er bemenget oc daglig Dags mere tiltager formedels den ædle Søefart aff Fremmede det besøger. Oc aff de Norskis Vdvandring udi fremmede steder som sig der effter nedersette i deris Fæderneland.» (Jensson 1646: [5f.])
 29. Jamfør Braunmüller 1993 og 2012.
 30. Grüner 1972: 48f.
 31. Grüner 1972: 44f.
 32. Hødnebo 1971: 41.
 33. Jamfør f.eks. Skancke 2001.
 34. Løyland 2012: 57.
 35. Løyland 2012: 59.
 36. Sandøy 2011: 156f., 159ff. og 187f.
 37. Sandøy 2018: 204f.
 38. Sandøy 2011: 200.
 39. Sandøy 2011: 202.
 40. Alhaug 2008: 10.
 41. Holsbøvåg 2010: 203.
 42. Gjerdsset 1982: 125 og 127.
 43. Folkeskatten 1681 s. 6.
 44. Vestad 2002: 57 og 98.
 45. Debradendere 2003: 553f.
 46. <https://www.houseofnames.com/klempert-family-crest>
 47. Debradendere 2003: 691.
 48. Hanks 2003: 322 og Hanks ofl. 2016: 1495.
 49. Øien 1982: 149.
 50. Grüner 1972: 69; NRR VI: 550.